


Forvaltningsplan for hjort

2021 - 2023



Stad kommune



Forord

Viltlova § 1 seier at viltet og viltet sine leveområder skal forvaltast i samsvar med naturmangfaldlova og på ein slik måte at naturen sin produktivitet og artsrikdom ivaretakast. Innafor den ramma kan viltproduksjonen haustast til gode for landbruksnærings og friluftsliv.

I februar 2012 innførte det dåverande Direktoratet for naturforvaltning eit krav om at alle kommunar, der det er ope for jakt på hjort, skal vedta kommunale mål for forvaltninga av hjorten. Dette kravet er nedfelt i § 3 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt (FOR-2012-02-134). Måla skal blant anna ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skadar på naturmangfold, jord- og skogbruk, samt omfanget av viltulykker på veg.

Føremålet med dei kommunale måla er å balansere både negative og positive konsekvensar hjorteviltet har for samfunnet, og synleggjere den retninga forvaltninga ønskjer.

Planen er gjeldande i perioden 2021-2023 og seinast innan utgangen av 2023 skal planen evaluerast og reviderast. Om det skjer store endringar som påverkar hjorteforvaltinga i Stad kommune, må det vurderast om planen skal reviderast tidlegare.

Planen er utarbeidd av Landbrukskontoret for Gloppen og Stad kommune. Etter høyringsfristen sitt utløp 21.02.2021, blei den endelige versjonen vedteke av Kommunestyret 25.03.2021.

Hjorteutvalet og styret i storvalda gjer ein formidabel innsats for å få til god og målretta hjorteforvaltning i kommunen. I tillegg gjer jegerane ein stor innsats i å rette seg etter gjeldande avskytningsplan og å felle riktig dyr, samt samle inn data i form av sett og felt hjort og vår- og haustteljing. Kommunen er takksam for innsatsen.

Innhaldsliste

| | | |
|-------|---|----|
| 1. | Innleiing | 2 |
| 1.1. | Bakgrunn for planen | 2 |
| 1.2. | Organisering av hjorteforvaltninga i Stad kommune | 2 |
| 1.3. | Teljande areal og minsteareal | 3 |
| 1.4. | Valdstruktur | 4 |
| 2. | Hjorten i Stad kommune | 5 |
| 2.1. | Historisk utvikling | 5 |
| 2.2. | Nasjonalt overvakingsprogram | 6 |
| 2.3. | Bestandsstorleik | 6 |
| 2.4. | Fellingsresultat og fellingsprosent | 7 |
| 2.5. | Alders- og kjønnssamsetjing i felling | 8 |
| 2.6. | Vår- og haustteljing | 9 |
| 2.7. | Sett hjort | 10 |
| 2.8. | Slaktevekter | 14 |
| 2.9. | Fallvilt og påkøyrlar | 15 |
| 2.10. | Merkeprosjekt | 17 |
| 2.11. | Skadar på inn- og utmark | 19 |
| 3. | Forvaltningsmål og tiltak | 22 |
| 3.1 | Hovudmål for hjorteforvaltninga i Stad kommune | 22 |
| 3.2 | Delmål | 22 |
| | Referansar | 28 |

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn for planen

Stad kommune vart etablert 1. januar 2020 då Selje kommune, Eid kommune og grunnkrinsane Bryggja, Maurstad og Totland (heretter kalla Bryggja) frå Vågsøy kommune slo seg i hop. Denne planen er den fyste overordna forvaltningsplanen for hjort i den nye kommunen. Hjorteforvaltninga har vore forskjellig i dei tre kommunane, og det er ei utfordring at blant anna statistikken i Selje kommune er ufullstendig. Måla i dei gamle forvaltningsplanane i dei tre kommunane har vore ganske like. Måla i denne forvaltningsplanen blir no lagt fram etter ei vurdering av utviklinga av hjortestamma basert på statistikk for Stad kommune.

Hjortejakt har ein lang tradisjon i Stad kommune og jakta har i dag ein stor verdi både økonomisk og som rekreasjon. I 2019 vart det felt rundt 900 dyr. Det samla utbytte frå jakta ligg då årleg på 38-45 tonn kjøtt og dette har ein verdi på 4 - 6,5 millionar kroner. Som rekreasjon har jakt stor tyding. Ifølgje tal frå Statistisk sentralbyrå var 12 % av den mannlige befolkning i Stad kommune på jakt i 2019/20 og rundt 450 personar med bustad i kommunen var registrert som aktive hjortejegerar. I tillegg kjem jegerar frå andre kommunar som nyt godt av kommunen sin hjortebestand.

I følgje Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 3, skal kommunen vedta målsetjingar for utviklinga av hjortebestanden på bakgrunn av opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skadar på inn- og utmark og omfanget av trafikkpåkøyrlar.

Føremålet med den overordna forvaltningsplanen er å få oversikt over status og framtidige utfordringar i den lokale hjorteviltforvaltninga. Den overordna forvaltningsplanen tek opp dei viktigaste momenta kring lokal forvaltning og set fokus på utfordringar, målsetjingar og tiltak for å nå desse. Planen vert styrande for den kommunale forvaltninga og måla i planen blir eit viktig verkty for å setje rammene for tildelinga av fellingsløyve for vald utan forvaltningsplanar. Planen vert og eit rammeverkty for vald med forvaltningsplanar, i kraft av at det vert stilt krav om at desse skal ta omsyn til offentlege målsetjingar for å bli godkjende.

1.2. Organisering av hjorteforvaltninga i Stad kommune

| | |
|------------------|--|
| Fylkeskommunen | Juridisk rettleiar for kommunane med omsyn til jakt og viltforvaltning. |
| Statsforvaltaren | Klageinstans i saker angåande viltforvaltning for vedtak fatta av kommunen. |
| Kommunen | Rettleiar og tenesteytar for rettshavarane og styresmakt i forhold til lover og forskrifter. Kommunen godkjenner vald og bestandsplanarar/forvaltningsplanar*, tildeler fellingsløyve og rapporterer jaktstatistikk. |
| Stad hjorteutval | Rådgjevande organ for hjorteviltforvaltninga i Stad kommune. Valdleiar i storvald med forvaltningsplan blir automatisk medlem av hjorteutvalet, samt to representantar (ein frå Bryggja og ein frå |

gamle Selje) frå dei mindre valda som er meldt inn i bestandsplanområde.

| | |
|----------------------|---|
| Eid hjorteutval | Eid Hjorteutval er ein sjølvstendig organisasjon for grunneigarar og jaktrettshavarar i det som tidlegare var Eid kommune. Representantane er og med i Stad hjorteutval. Eid Hjorteutval har eige styre (og rekneskap) og har eigne vedtekter om formål, medlemskap og organisering. Hjorteutvalet administrerer bestandsregistrering og ettersøksordning for medlemmane. |
| Stad ettersøksring | Handterer fallvilt for kommunen og yter ettersøk under jakta for vald med avtale. Kommunen har i januar 2020 teikna ein avtale om handtering av fallvilt. |
| Mattilsynet | Utfører viltkontroll. |
| Stad lensmannskontor | Kontroll- og tilsynsoppgåver. |

* I denne planen er det valt å kalle bestandsplanar etter forskrift om forvaltnings av hjortevilt § 2 h for «bestandsplan» der planen gjeld for eit bestandsplanområde og for «forvaltningsplan» der planen gjeld eit storvald som har eiga plan.

1.3. Teljande areal og minsteareal

Det teljande arealet er summen av dei arealtypane som regelmessig vert nytta av hjorten. I Stad kommune vert følgjande kriterier lagt til grunn for berekning av teljande areal:

- Skog og myr opp til 700 moh.
- Innmark.
- Innsjøar over 40 daa og større elvar tel ikkje med.
- Områder med tett busetnad og hyttefelt tel ikkje med.

Minsteareal er eit mål for det minste samanhengande arealet som eit vald må disponere for å få tildelt eitt fellingsløyve, og dermed kan godkjennast som vald. For at ein forvaltningsplan kan godkjennast av kommunen, må eit vald disponere eit areal som er minst 20 gonger minstearealet. Kommunen kan vedta å auke minimumskravet om det er føremålstenleg.

Minsteareal for godkjenning av vald og fellingsløyve i Stad kommune har vore stadfesta i ‘Forskrift om fastsettjing av minsteareal for godkjenning av hjortevald og tildeling av fellingsløyver for hjort, Eid kommune, Sogn og Fjordane’, ‘Forskrift om opning for jakt, jakttid, fastsetting av minsteareal og fellingskvote for hjortevilt, Selje kommune, Sogn og Fjordane’ og ‘Forskrift om adgang til jakt etter hjort og fastsetting av minsteareal, Vågsøy kommune, Sogn og Fjordane’. Desse vil bli samla i ei ny forskrift for Stad kommune i løpet av 2021.

Minsteareala i kommunen varierer og er oppgjeve i den til ein kvar tid gjeldande forskrift om jakt etter hjort og minsteareal for Stad kommune.

1.4. Valdstruktur

Stad kommune var i 2020 organisert i 57 vald. Av desse er 8 so kalla storvald med eiga forvaltningsplan og 11 har meldt seg inn i Ytre Nordfjord bestandsplanområde og følgjer bestandsplanen der. Til saman dekkjer valda i kommunen eit areal på 598 880 daa. Valda i Eid kommune avslutta forvaltningsplanane etter jakta i 2020 og det er forventa at dei kjem til å levere nye forvaltningsplanar i 2021. Tabell 1 lister valda i kommunen med tilhøyrande areal og eventuell type plan. Dei som ikkje har forvaltningsplan eller er meldt inn i Ytre Nordfjord bestandsplanområde får årleg tildeling av løyve frå kommunen.

Tabell 2: Vald i Stad kommune

| Vald | Valdnamn | Areal | Gamal kommune | Type plan |
|-----------|--------------------------|-------|---------------|------------------|
| 4649V0001 | Ervik | 11300 | Selje | |
| 4649V0002 | Årvik | 7300 | Selje | |
| 4649V0003 | Teige | 1850 | Selje | Bestandsplan |
| 4649V0004 | Eltvik | 5400 | Selje | |
| 4649V0005 | Tungevåg | 5000 | Selje | |
| 4649V0006 | Morkadal | 15900 | Selje | |
| 4649V0007 | Borgundvåg | 3550 | Selje | |
| 4649V0008 | Borgund | 2450 | Selje | |
| 4649V0009 | Vik - Beitveit | 3700 | Selje | |
| 4649V0010 | Stave | 3100 | Selje | |
| 4649V0011 | Leikanger | 2650 | Selje | |
| 4649V0012 | Sjåstad | 4550 | Selje | Bestandsplan |
| 4649V0013 | Drage - Austmyr | 12100 | Selje | |
| 4649V0014 | Sande | 2750 | Selje | |
| 4649V0015 | Lundebrekke - Sandenes | 3500 | Selje | |
| 4649V0018 | Stokke | 2550 | Selje | |
| 4649V0019 | Otnes - Kvamme | 4200 | Selje | |
| 4649V0020 | Bortne - Berge - Lesto | 6550 | Selje | |
| 4649V0021 | Hove - Hammarsvik | 5100 | Selje | |
| 4649V0022 | Grytting - Liset - Årdal | 6350 | Selje | |
| 4649V0023 | Bergdal | 2100 | Selje | |
| 4649V0024 | Skorge | 3450 | Selje | |
| 4649V0025 | Kjøde | 5000 | Selje | |
| 4649V0028 | Eide - Berstad | 7100 | Selje | |
| 4649V0029 | Moldestad - Salt | 4850 | Selje | |
| 4649V0030 | Rundereim | 3250 | Selje | |
| 4649V0031 | Vetrhus | 1650 | Selje | |
| 4649V0032 | Flisternes - Sandvik | 1500 | Selje | |
| 4649V0033 | Flister | 3100 | Selje | |
| 4649V0034 | Nordpoll | 5450 | Selje | Bestandsplan |
| 4649V0035 | Barmen | 8200 | Selje | Forvaltningsplan |
| 4649V0036 | Hoddevik | 9350 | Selje | |
| 4649V0037 | Selje prestegard | 3000 | Selje | Bestandsplan |
| 4649V0038 | Fure | 7150 | Selje | |

| Vald | Valdnamn | Areal | Gamal kommune | Type plan |
|-----------|-------------------------------|-------|---------------|------------------|
| 4649V0039 | Honningsvåg | 7550 | Selje | |
| 4649V0040 | Gangeskar | 1500 | Selje | |
| 4649V0041 | Fureneset - Seljenes | 3450 | Selje | |
| 4649V0042 | Hatlenes - Øren | 2050 | Selje | |
| 4649V0043 | Kvernevik | 2600 | Selje | |
| 4649V0044 | Fellesområde 66-72 | 2500 | Selje | |
| 4649V0045 | Fløde | 2050 | Selje | |
| 4649V0046 | Årsheim | 2200 | Selje | |
| 4649V0047 | Sandvik - Sandviknes - Otneim | 7700 | Selje | Bestandsplan |
| 4649V0054 | Lillekjøde samjaktslag | 5000 | Selje | |
| 4649V0048 | Kjølsdalen | 56973 | Eid | Forvaltningsplan |
| 4649V0049 | Nordbygda | 18236 | Eid | Forvaltningsplan |
| 4649V0050 | Sagtennene | 69927 | Eid | Forvaltningsplan |
| 4649V0051 | Heggjabygda og Leivdalens | 75673 | Eid | Forvaltningsplan |
| 4649V0052 | Stårheim-Haugen | 79993 | Eid | Forvaltningsplan |
| 4649V0053 | Sørsida | 35799 | Eid | Forvaltningsplan |
| 4649V0055 | Bryggja Aust | 10020 | Vågsøy | Bestandsplan |
| 4649V0056 | Totland/Kroken Aust | 4500 | Vågsøy | Bestandsplan |
| 4649V0057 | Fagerlid | 5000 | Vågsøy | Bestandsplan |
| 4649V0058 | Kroken Vest | 1600 | Vågsøy | Bestandsplan |
| 4649V0059 | Bryggja Vest | 18700 | Vågsøy | Forvaltningsplan |
| 4649V0060 | Solibakke/Brobakke | 5259 | Vågsøy | Bestandsplan |
| 4649V0061 | Nore-Heggedal | 5600 | Vågsøy | Bestandsplan |

2. Hjorten i Stad kommune

2.1. Historisk utvikling

Hjorten har vore ein del av den norske fauna i fleir tusen år, og spesielt kystområda på Vestlandet har historisk sett vore viktige leveområde. I løpet av 1700- og 1800-talet blei hjortebestanden sterkt redusert på grunn av stort jaktpress og stor predasjon frå rovdyr, med det resultat at hjorten forsvann frå sjølv dei klassiske hjortestrøk som Sunnfjord og Nordfjord (Hjeljord 2008).

Hjortestamma har teke seg mykje opp dei siste hundre åra og i perioden frå andre verdskrig og fram til i dag, har utviklinga gått raskt oppover. Tabell 3 syner utviklinga i fellingstala for gamle Sogn og Fjordane. Sjølv om fellingstala for dei einskilde kommunane går så langt tilbake i tid, er det liten grunn til å tru at utviklinga i hjortestammen i kommunane er vesentleg annleis enn for heile fylket.

Tabell 4: Historiske fellingstal for Eid, Selje og Vågsøy kommune og Sogn og Fjordane.

| År | 1910 | 1920 | 1930 | 1940 | 1950 | 1960 | 1970 | 1980 | 1990 | 2000 | 2010 | 2019 |
|--------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|-------|-------|
| Eid | - | - | - | - | - | - | - | - | 199 | 448 | 532 | 710 |
| Selje | - | - | - | - | - | - | - | - | 57 | 162 | 203 | 197 |
| Vågsøy | - | - | - | - | - | - | - | - | 86 | 213 | 235 | 190 |
| Sogn og Fj. | 143 | 75 | 125 | 5 | 169 | 377 | 925 | 2552 | 3512 | 8132 | 11771 | 12978 |

2.2. Nasjonalt overvakingsprogram

Overvakingsprogrammet for hjortevilt er eit nasjonalt program som samlar inn informasjon om utviklinga i avskyting, bestandsstruktur, bestandskondisjon og tettleik i norske hjorteviltbestandar. Programmet blei starta opp i 1991 og oppdragsgjevar er i dag Miljødirektoratet. Det faglege arbeidet organiserast av Norsk institutt for naturforskning (NINA)..

I perioden 2012-2016 samla overvakingsprogrammet inn data for hjorten i fem regionar, deriblant Sogn og Fjordane, der Gloppen og Flora har vore deltakarkommunar sidan tidleg 90-talet. Eid kommune var tidlegare med i prosjektet i fleire år. Sjølv om Stad kommune ikkje lenger samlar inn data til prosjektet, er det naturleg å tru at resultata frå Gloppen og Kinn og er relevante for Stad kommune.

Tidlegare har det vore praksis at både livmor (ovariar) og kjevar frå felte hjort skulle samlast og sendast til NINA, men i noverande kontraktperiode, 2017-2022, blei det endra til berre kjevane. Kjevane vert nytta til å fastslå alder på dyret. Saman med data om m.a. kjønn og vekt gjev det grunnlag for å sjå endringar i bestanden, som for eksempel därlegare kondisjon og seinare reproduksjon. Utover dette gir det informasjon om storleik på dei ulike årsklassar og alderssamansetjing i uttaket.

I oppsummeringsrapporten for overvakingsprogrammet som blei laga i 2011, ved slutten av førre 5 års kontraktsperiode, står m.a. følgjande:

«Jakttrykket på bukker ett år og eldre har vært høyere enn for koller i tilsvarende aldersklasser gjennom fleire tiår. Dette har resultert i kjønnsmessige skjeve bestander og i at gjennemsnitsalderen hos bukkene er lavere enn hos kollene.»

(Solberg et al. 2012)

Hovudføremåla med innsamling av livmor og eggstokkar har vore å følgje utviklinga i alder for førstegongs reproduksjon. Negative endringar i førstegongs reproduksjon kan være teikn på ein aukande bestandstettleik. I Sogn og Fjordane har bestandstettleiken auka frå 0,75 felte dyr/km² i 1991 til 1,55 i 2011. I same periode fall andelen av kalvande 2-åringar frå 69 % i 1992 til 31 % i 2011. Det er samanheng mellom produktivitet og kroppsvekt. Grovt sett kan ein seie at ei 1,5 år gammal kolle på 50 kg har rundt 50 % sannsyn for å kome i brunst i løpet av hausten. Er dei lettare er sannsynet mindre og er dei tyngre er det større. Minkande vekter har difor ein direkte negativ effekt på kalveproduksjonen. Prosjektet syner at vektene i Gloppen og Kinn framleis minkar på kalv og fjordyr. Reduserte vekter på dei yngste aldersklassane forplantar seg vidare til dei eldre aldersklassane.

Prosjektet har og funnet at redusert vekt på bukk kan resultere i mindre gevir og større del 2-årige bukkar som framstår som beinhonnell eller 1-årige bukkar.

2.3. Bestandsstorleik


Det vart utarbeida ein fagrappoart for hjorten i Eid kommune i 2007. I fagrappoarten frå Norsk Hjortesenter, blei bestanden i Eid kommune før jakta i 2007 estimert til å vere ca. 1900 dyr. Denne bestandsstorleiken gjev i følgje rapporten grunnlag for eit uttak av $425-485 \pm 40$ dyr i året

(Meisingset & Aarhus 2007). Fellingstala har vore høgare enn det anbefalte grunnlaget gjennom heile perioden. Likevel er det ikkje noko teikn på nedgang. Dersom ein tek utgangspunkt i at felt hjort per jegerdag speglar bestandsstorleiken, har det vore ei auke i bestandsstorleiken i Eid kommune dei siste fire åra. Det er forventa at dette vil minke i åra framover om fellingsinnsatsen i Eid kommune fortsett på like høgt nivå som dei siste åra.

Tilsvarande fagrappor er ikkje tilgjengeleg for Vågsøy og Selje kommune og vi har difor ikkje stadfesta tal på hjortebestandane i heile Stad kommune.

2.4. Fellingsresultat og fellingsprosent

Frå eit fellingsresultat på 208 dyr i 1986 har fellingsresultatet auka til eit nivå på rett under 1000 dyr i 2019. Tala frå Bryggja er estimert frå tala til Vågsøy kommune fram til 2007 då det ikkje er registrert noko i Hjorteviltregisteret før 2008.



Figur 1: Utvikling i tal løyve og felte hjort i perioden 1986-2019

Som ein ser av figur 1 toppt fellinga i 2009 og igjen i 2018/2019. I mellom dei åra gjekk fellingstalet ned fram til 2015. Dei siste 3 åra har fellinga lege på 800-1000 dyr. Med omsyn til fellingsløyve har det sidan 2009 vore tildelt mellom 950-1050 løyve.


Tabell 3: Tildelte og felte dyr i Stad kommune 2009-2019

| År | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|------------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Tildelt | 1073 | 1073 | 1082 | 1066 | 921 | 941 | 920 | 919 | 970 | 1083 | 1050 |
| Felt | 918 | 832 | 762 | 692 | 632 | 610 | 589 | 647 | 811 | 884 | 964 |
| Fellingsprosent | 86 | 78 | 70 | 65 | 69 | 65 | 64 | 70 | 84 | 82 | 92 |

Fellingsprosenten er forholda mellom tal tildelte løyve og tal felte dyr. Som det går fram av tabell 3 har det dei siste 10 åra vore variasjonar i den årlege fellingsprosenten frå 64 % til 92 %. Den same variasjonen har også vore i perioden 2015-2019.


2.5. Alders- og kjønnssamsetjing i felling

Avskytinga var på 90-talet prega av eit høgt uttak av eldre dyr (figur 2). Fordelinga av dei felte dyra på aldersklasser har betra seg dei siste åra, og det har vore felt rundt 40 % eldre dyr og ein aukande del kalv. I 2019 var det felt 17 % eldre bukk og 22 % eldre kolle over 2,5 år, 21 % beinhonnel og 21 % fjorkolle, samt 25 % kalv.



Figur 2: Fordeling av felte dyr på aldersklassane kalvar, fjorkolle, beinhonnel, eldre kolle og eldre bukk mellom 1986-2019

Sidan Eid kommune var med i overvakningsprosjektet i perioden 2001-2016 er det mogleg å få ein aldersprofil på dei felte dyra (figur 3) frå denne perioden.




Figur 3: Aldersfordeling av felte dyr i Eid kommune i perioden 2001-2016

Figur 3 syner at ein stor del av dyra i Eid kommune vart felt innan dei var 4 år. Bukk eldre enn 5 år vart nesten aldri felt. For kollene er fordelinga meir jamn opp gjennom aldersklassane, og det var mindre uvanleg at eldre dyr vart felt. Aldersfordelinga av dei felte dyra speglar ikkje nødvendigvis

den eksakte alderssamsetjinga i bestanden, då den vil avhenge av m.a. fellingsløyva sin samsetjing, men kan likevel gje ein inntrykk.

I Stad kommune er det ikkje tilgjengelege data i nyare tid på aldersfordeling i dei felte dyra. Der det har vore undersøkt ser ein at det som regel er ein tydeleg skilnad mellom hann- og hodyr og at bukkar vert felt ved yngre alder enn koller. Eldre koller blir i snitt ca. 2 år eldre enn eldre bukkar. Det er lite grunn til å tru at Stad kommune skiller seg frå denne trenden.



Figur 4: Samla kjønnsfordeling på felte dyr i Stad kommune i perioden 1986-2019


Figur 4 viser det samla uttaket av dyr fordelt på kjønn og syner at det gjennom heile perioden har vore eit større uttak av bukk enn kolle, sjølv om det enkelte år har vore eit kjønnsbalansert uttak.

2.6. Vår- og haustteljing

Metoden går ut på å telje dei dyra som viser seg på innmarka på våren og hausten, fordelt på alder og kjønn. Teljinga går føre seg ved at ein eller fleir personar frå jaktfelta køyrer langs ei bestemt rute på natta og registrerer dyra dei ser ved hjelp av kikkert og lys. Innsamlinga av data er ikkje nasjonalt og går ikkje etter ein felles metode. Vår- og haustteljinga organiserast lokalt, og kommunen/hjorteutvalet har eigne retningslinjer for teljinga.

I Eid kommune har det vore ein lang tradisjon å utføre vår- og haustteljing i alle valda. Det har også vore utført teljingar på Barmen, men elles har ikkje kommunen oversikt over kva teljingar som har vore utført og kommunen har ikkje hatt kapasitet til å samle tala for eventuelle teljingar per i dag. Statistikken presentert her er difor berre for Eid kommune.

I Eid kommune har det vore dyr på innmark kvar vår sidan 1998, dei fire første åra vart det berre telt om våren. Frå 2002 vart det også talt om hausten. Sagtunnene hjortevald talde ikkje om hausten før frå 2003 og Kjølsdalens hjortevald talde ikkje hausten 2005. Det har vore aukande tal sidan 2015, men dei siste to åra har det vore ein liten nedgang på haustteljinga (figur 5).



Figur 5: Resultat av vår- og haustteljing i Eid kommune perioden 2002-2019


Ei rekke værtihøve vil påverke resultatet og dette må det takast høgde for når data vert brukt. For eksempel vil seint snøfall og gylling av bør verke negativt på teljinga. Hjorten si åtferd gjer dessutan at bukken sjeldnare vert observert på vårteljingane enn koller og kalvar. Resultata må difor tolkast med varsemd. Likevel gjev teljingane ein indikasjon på blant anna vinterdødelegheita på våren og ein kan sjå utviklinga gjennom året på dei same plassane.

2.7. Sett hjort

Sett hjort-metoden er ei systematisering av jegerane sine observasjonar under jakta. Data gjev ikkje eit eksakt mål for bestandsstorleik eller kalveproduksjon, men seier noko om utviklinga over tid. For best mogeleg forståing av utviklinga til hjortebestanda bør analyser gjerast for heile årsleveområdet til kvart bestand. Trendane vist under er laga på kommunenivå og vil vere påverka av det som skjer innafor dei forskjellige årsleveområda til hjorten utanfor kommunegrensa.

For å få størst mogleg datagrunnlag er det viktig at jegerane fyller ut og leverer inn skjema, uansett om dei ser eller feller dyr. Det er også viktig at informasjon som tal jegerar, timar og om jakta har vore utført på inn- eller utmark er fylt inn. For å sikre innlevering og kvalitet på innleverte skjema, kan sett hjort med fordel nyttast elektronisk.

I Eid kommune og på Bryggja har det vore lange tradisjonar med å fylle ut sett hjort. I 2019 leverte 58 av 61 jaktfelt inn sett hjort i Eid kommune, mens 10 av 10 leverte på Bryggja. I Selje kommune har det ikkje vore noko tradisjon på å registrere sett hjort før dei vart uttrekt til å ta CWD-prøvar av jakta hjort i 2018. Før det er det berre eit fåtal av valda som har registrert sett hjort. I 2019 vart det eit hopp i tal registrerte skjema, då 30 av 45 jaktfelt i Selje kommune registrerte sett hjort. Dette er godt synleg i figur 6.




Figur 6: Jaktfelt som har levert inn sett hjort-skjema i perioden 2005-2019

2.7.1 Sett/felt hjort per jegerdagsverk

Sett hjort per jegerdag er eit mål på kor mange hjort kvar jeger ser i snitt per jegerdag. Verdien kan vere ein peikepinn for utviklinga i bestanden, slik at når verdien auka, er det fordi bestanden auka. Det er ikkje gitt at bestanden auka eller minkar like mykje som sett hjort per jegerdagsverk indikerer.

Som det går fram av figur 7 har det vore store utsving i sett hjort per jegerdag. Toppårene var i 2007-2009 med 1,4-1,5 sett hjort per jegerdag. Dei siste 3 åra har verdien vore på mellom 1,0 og 1,1. Frå 2015 har det vore ein liten auke i sett hjort. Dette kan indikere at det er ein svak vekst i bestanden. Ved å dele opp observasjonane på innmark og utmark kan vi sjå at det er store utsving på innmarka, men observasjonane er jamnare i utmarka. Elles er trenden ganske lik.




Figur 7: Utvikling i sett hjort per jegerdag i perioden 2005-2019

I fylge utviklinga i sett hjort per jegerdag (figur 7) kan det sjå ut som det har vore ei stor auke i hjortetettleiken i perioden, men på grunn av at Selje kommune berre har registrert ordentleg dei siste to åra, har det stor verknad på datagrunnlaget frå 2018. I tillegg var det frå og med 2018 gjort ei

endring i registreringsmetoden for sett hjort som har direkte verknad på indeksen for sett hjort per jegerdagsverk. Indeksen er difor ikkje direkte samanliknbar før og etter 2018. I perioden før 2018 har indeksen svinga opp og ned. Sidan 2015 har indeksen auka som kan indikere ei lita auking i tettleiken dei siste åra.

Naturdata har anbefalt å bruke felt hjort per jegerdagsverk som ein indikator på svingingar i hjortetettleiken dei neste åra. Fellingstal kan ein få frå fellingsrapporten eller frå felt hjort i Hjorteviltregisteret. Då ikkje alle jaktfelt brukar Hjorteviltregisteret er det best å bruke tala frå fellingsrapporten. Tal jegerdagar er teke frå registreringar i Hjorteviltregisteret.




Figur 8: Utvikling i felt hjort per jegerdag i perioden 2005-2019

Figur 8 syner dei to forskjellige metodane for å sjå på felt hjort per jegerdagsverk. Dess fleir som registrerer jegerdagane sine i Hjorteviltregisteret, dess betre indikasjon er det på hjortetettleiken. Dei siste to åra har det vore stor bruk av Hjorteviltregisteret og dei to grafane er difor meir like. Det har vore svingingar i tettleiken gjennom heile perioden. Det er ingen klar trend på om det er nedgang eller auking i tettleiken då grafane peiker i kvar sin retning. Med betre bruk av Hjorteviltregisteret i heile kommunen vil det vere enklare å vurdere tala.

2.7.2 Sett kalv per kolle

Sett kalv per kolle er eit mål som fortel om endringa i kalveproduksjonen og kollenes kondisjon. I figur 9 ser ein at sett kalv per kolle er heilt stabil med veldig små utsving. Verdien i 2019 var på 0,65 sett kalv per kolle og indeksen har vore stabil gjennom heile perioden. Det er ikkje noko teikn på at den har minka over tid.



Figur 9: Utvikling i sett kolle per bukk, sett kalv per kolle og spissbukk per bukk i perioden 2005-2019.

2.7.3 Sett kolle per bukk


Ein lav del vaksne bukkar i eit bestand kan føre til seinare brunst hos kollene som resultera i seinare fødsler og kalvar som er dårligare rusta for vinteren. Endringar i kjønns- og alderssamsetjinga kan registrerast gjennom endringar i forholdstalet mellom observerte koller i forhold til talet observerte bukkar. Det har vore store utsving i sett kolle per bukk indeksen og den har svinga mellom 1,6 og 2,3. Sidan 2015 har indeksen gradvis auka (figur 9). Den optimale kjønnssamsetjinga for ein hjortebestand er ei sett kolle per bukk-verdi som ligg i intervalla 1,5-2 (Meisingset 2003). Nyare erfaringstal viser at ein har tilstrekkeleg hanndyr når indeksen er nærmere 1,5 kolle per bukk eller lågare. I periodar har verdien i Stad kommune vore innanfor dette intervallet, men den har aldri vore på 1,5 eller lågare i perioden frå 2005. Om ein ser vekk i frå innmarka har indeksen vore litt lågare, men den har ikkje vore under 1,5 sidan 2005. I perioden 2017-2019 har den vore mellom 1,72 - 1,94.

2.7.4 Sett beinhonnel per bukk

Sett beinhonnel per bukk seier noko om utviklinga for alderssamsetjinga blant hanndyra i bestanden. Jamfør figur 9 har det vore nokon små utsving, men kurven er relativt stabil. Sidan 2012 har verdien gradvist falt og ligg no på 0,77. Utviklinga i sett beinhonnel per bukk kan indikere at det dei siste åra har kome fleire eldre dyr i bestanden. Dette er ei positiv utvikling, men indeksen for sett beinhonnel per bukk kan med fordel senkast meir.

2.7.5 Jakttrykk


Jakttrykket vert uttrykt som kor mange dyr som vert felt i forhold til kor mange som vert sett under jakta. Som det syner på figur 10 er det eit høgare jakttrykk på bukkar. I 2019 blei 21 % av dei observerte bukkane skotne. Det betyr at kvar femte observerte bukk vart skoten. Tilsvarende tal for kalvar og koller er rundt 10 % av dei observerte dyra, som betyr at kvar tiande observerte kalv og kolle vart skoten. Terskelen for å skyte ein bukk er altso mykje lågare enn terskelen for å skyte ein kalv eller ei kolle.



Figur 10: Part felte dyr av sette dyr i perioden 2005-2019

2.8. Slaktevekter

Utviklinga i slaktevekter fordelt på kjønns- og aldersgrupper kan gje eit inntrykk av samansetting og bestandstorleik i samband med bereevne. Den gir ein indikasjon av bestanden sin kondisjon generelt. Stor tettleik med hjort gjev mindre formengder til kvar hjort som igjen reduserer kroppsvekta. Kroppsvekta har verknad på produksjonen og for overlevingsevne gjennom vinteren. Talmaterialet på slaktevektene er dårleg og gjev ikkje grunnlag for tolking. I perioden fram til 2007 er alle slaktevektene frå Eid kommune og leverte slaktevekter utgjer 45-55 % av dei felte dyra. I perioden mellom 2007 og 2017 utgjer leverte slaktevekter berre 15-40 % av dei felte dyra. I 2018 og 2019 var talmaterialet betre mest sannsynleg på grunn av CWD prøvetaking i alle kommunane. Med unnatak av eldre bukk syner figur 11 at det er ein indikasjon på nedgang i vektene for alle dei andre kategoriene.




Figur 11: Gjennomsnittlege slaktevekter fordelt på dei ulike aldersklassane i perioden 2001-2019.

2.9. Fallvilt og påkøyrlar

Fallvilt og påkøyrlar vert registrert i ein database av kommunen. Som det går frem av figur 12 er det årlege variasjonar i tal fallvilt i Stad kommune. Ikkje alt fallvilt vert rapportert til kommunen og det er difor knytt ein del usikkerheit til tala.

Påkøyrlar i trafikken har store samfunnsøkonomiske kostnader og krev difor litt særskild merksemd. Det er mange påkøyrlar i kommunen og særleg dei siste 3 åra. Tidlegare har det vore enkeltår med mange påkøyrlar, men frå 2017/2018 har det vore jamt mykje. 2017/2018 var eit toppår med 39 registrerte påkøyrlar. Vinteren kom tidleg i sesongen med mykje snø i høgda trakk hjorten ned mot bøane, med fleire påkøyrlar som resultat. Aldri før hadde det vore so mange påkøyrlar registrert i kommunen. Sjølv med meir normal vinter i åra etter, har talet påkøyrlar fortsett å vere høgt. Det statistiske året 2020/2021 går fram til 31. mars. Per 1. januar var det registrert 33 påkøyrlar dette året.

Det kan antakast at tal påkøyrlar vil auke med aukande bestandstettleik. Påkøyrlar i prosent av felte dyr kan difor seie meir om utviklinga enn tal påkøyrlar. Sidan 2010/2011 har dette talet auka frå å ligge konsekvent under 2,5 % til å vere over. I perioden etter har talet påkøyrlar vore mellom 2,5 og 5,0 % av totalt felte dyr i kommunen.



Figur 12: Utvikling i fallvilt i perioden 2000-2020 (året er rekna frå 01.04-31.03)).

Påkøyringane skjer hovudsakleg i mørketida, det vil seie mellom oktober og april, med flest ulykker i oktober, november, desember og februar. Påkøyrlane skjer mykje på sein kveld og natt, men det er størst risiko for påkøyring mellom kl. 6 og 8 på morgonen.



Figur 13: Lokalisering av påkøyrlar i Stad kommune 2007-2020

Som det går frem av figur 13 er det fleire plassar som er utsett for påkøyrlar, men spesielt 3 strekningar i Eid kommune er serleg utsette for påkøyrlar:

- Lote – Lotetunnelen.
- Bjørhovde – Naustdal.
- Høynes – Lund.

I tillegg registrerast det ein del påkøyrlar mellom Eide og Moldestad i Selje kommune og områda på begge sider av Eidselva.

Strekninga Bjørhovde-Naustdal er med i Norsk Hjortesenter sitt prosjekt med dynamiske hjorteskilting. Prosjektet har som mål å redusere talet trafikkpåkøyrlar gjennom bruk av skilt som åtvarar bilistane når det er stor risiko for påkøyrlar. Skilta aktiviserast ikkje gjennom bevegelse, men gjennom ein statistisk modell. Prosjektet var støtta av Eid kommune med viltfondsmidlar. Prosjektet hadde ein del tekniske utfordringar, samt at det berre gjekk over to år der det eine året var 2017 då det var ekstremt mange påkøyrlar over heile Sogn og Fjordane. Det var difor vanskeleg å konkludere med om skilta hadde verknad eller ikkje. Skilta er framleis i drift.

2.10. Merkeprosjekt

2.10.1 Nordfjord

Merkeprosjekt Nordfjord starta opp i år 2000 som eit samarbeid mellom kommunane i Nordfjord og Norges Jeger- og Fiskeförbund i Sogn og Fjordane. Formålet med prosjektet var å avdekke sesongområde for hjorten i Nordfjord og trekk mellom desse. I Eid kommune var i alt 34 koller merkt i prosjektperioden. Av dei gjev 27 dyr tilstrekkeleg data til å kunne fastlegge deira trekkruter. I Selje kommune var det merkt 5 hjort og i Vågsøy var det merkt 13.


Tabell 4: Trekkavstand for merkte hjort som gjev tilstrekkeleg informasjon

| Kommune | Merkte koller | Stadbundne 0-5 km. | Kort trekk 5-10 km. | Mellom trekk 10-20 km. | Langt trekk > 20 km. |
|----------------|---------------|--------------------|---------------------|------------------------|----------------------|
| Vågsøy kommune | 13 | 6 | 7 | 3 | 3 |
| Selje kommune | 5 | 4 | | 1 | |
| Eid kommune | 27 | 6 | 4 | 7 | 10 |

Som ein ser av tabell 4 viste merkeprosjektet at hovudparten av kollene i Eid og Vågsøy var trekkdyr. I Vågsøy hadde rundt halvparten av dyra som trakk korte trekk på 5-10 km, mens dei resterande dyra hadde mellomlange og lange trekk. I Eid kommune hadde stysteparten av dei merka dyra mellomlange eller lange trekk. Ifylgje delrapporten for prosjektet var det ein tydeleg tendens til at dyra har vinterbeite ved fjorden og trakk nordover om sommaren (figur 14).

Trekktidspunktet er avdekkja for heile studieområdet. Dei fyste hjortane startar trekket allereie 28. april. 89 % av dyra er ferdige med sommartrekket innan 26. mai, altså før kalvinga tek til for fullt.

Om hausten drar dei fyste dyra til vinterbeite allereie 3. september og stordelen av dyra som flytter på seg drar kring 15. september. 79 % av dyra er på vinterområdet innan 29. oktober. Dei fleste kollene er i trekk eller på vinterområdet før brunsten tek til.



Figur 14: Trekkvegar avdekt gjennom Merkeprosjekt Nordfjord.

Resultatet av merkeprosjektet (figur 14) synar at valda i Stad kommune i dag ikkje dekkjer heile årsleveområda til hjorten og hjorten flytter seg på tvers av vald- og kommune/fylkesgrenser.

2.10.2 Forvaltning av hjortebestand

Prosjektet «Forvaltning av hjortebestand 2013-2017» hadde til formål å identifisere og kartfeste bestandsområde uavhengig av administrative grenser. Hjorten sin arealbruk var styrande for utviklinga av områda som vart kalla bestandsplanområde eller årsleveområde.

Prosjektet brukte data frå ei rekke merkeprosjekt på hjort rundt i Norge, der i blant merkeprosjektet «Sunnhjort» som merka dyr i heile Sunnfjord. Analysar vart gjort av innsamla data både lokalt, men og samla sett, og hjorten sin arealbruk kunne difor vurderast andre plassar enn berre der merkeprosjekta hadde vore utført. I tillegg vart lokalkunnskap med som grunnlag til utarbeidingsa kor grensene til bestandsplanområda skulle vere. Ein vil aldri få alle individ i eit bestand inkludert i eit slik område, det vil alltid vere dyr som trekker andre plassar i dei fleste retningane, men målet var å finne område som ville inkludere hovudtyngda av bestandane.

Prosjektet sikta og mot å få etablert felles forvaltning for kvart av dei definerte bestandsplanområda. Med denne kunnskapen om hjorten sine trekkvanar kan ein ikkje seie at dagens forvaltningsplanar hos storvalda forvaltar hjortebestand, men dei forvaltar ein del av eit bestand. Ein må difor vere klar over at forvaltningsplanar på storvaldsnivå ikkje kan reknast som bestandsplanar i sin rette forstand, men heller som delbestandsplanar. Det er difor viktig at om storvald ikkje melder seg inn i eit større bestandsplanområde, at dei då vurderer og justerer måla i sine forvaltningsplanar etter valda rundt som deler same hjortebestand slik at dei ikkje jobbar mot kvarandre.

Bestandsplanområde 16: Ytre Nordfjord bestandsplanområde omfattar heile Selje, Vågsøy og Vanylven kommune, samt Kjølsdalen hjortevald. Bestandsplanområde 16 vart danna i 2018 og fleire av valda i kommunen har sluttar seg til.

2.10.3 Vesthjort

I 2019 vart eit nytt merkeprosjekt starta. Dette prosjektet skulle merke dyr i kommunar på Søre-Sunnmøre og i Nordfjordregionen. Fleire kommunar i nordre del av Nordfjord vart invitert, samt at Gloppen kommune på sørsida har meldt seg på. Målet er å auke kunnskapen om hjorten sin arealbruk i kommunen. Dette vil vere med å danne eit betre grunnlag for ei målretta hjorteforvaltning.

Eid kommune meldte seg inn i merkeprosjektet, mens resten av nye Stad kommune ikkje gjorde det. Dei fyste dyra i prosjektet vart merka i mars 2020. Eid kommune fekk merka 3 dyr (koller) i fyste omgang. Det var merkt ei på Åshamar, ei på Os og ei på Lote. Desse dyra kjem til å ha halsband med GPS montert i to år før halsbandet dettar. Det er planar om å merke rundt 9 dyr i tidlegare Eid kommune (eventuelt andre plassar i Stad kommune) i løpet av prosjektet som er planlagt å vare i 5 år. Dei merka dyra kan fritt følgjast på NIBIO sine kartløysingar på «dyreportalen».

2.11. Skadar på inn- og utmark

Hjorten er ein mobil art, som prøver å nytte eit område optimalt med tanke på skjul og beite. Tilgangen på gode beiteområde endrar seg gjennom året og hjorten flyttar på seg for å få tak i føde av høg kvalitet. Hjorten kan ikkje kompensere for dårlig kvalitet på beite ved å beite meir, og vel difor primært beite med høg kvalitet, som krev mindre tid/energi per intatt energieining (Meisingset 2003).

For å få best mogleg kvalitet på beitet, trekkjer hjorten mellom sommar- og vinterbeite. Trekket går vanlegvis frå dei meir snøfattige vinterbeita langs kysten, til høgareliggjande sommarbeite (Hjeljord 2008).

2.11.1 Skog

Ein stor hjortebestand kan føre til betydelege skadar på skogen. Der er især furuforyngingar og gran i hogstklasse III og IV som er utsatt. Skogbrukslova § 9 andre ledd seier følgjande: *Der beiting av hjortevilt fører til vesentlege skadar på skog som er under forynging, eller der beitinga er ei vesentleg hindring for å overhalde plikta til å forynge skog etter § 6 i denne lova, skal kommunen som viltorgan vurdere om det er behov for å regulere bestanden av hjortevilt slik at beitetrykket blir redusert.*

Både skotbeiting og barkgnaging er fenomena som i hovudsak førekjem om vinteren. Skotbeiting kan føre til hemma vekst, endra form og død for dei verst ramma trea. Fenomenet kan førekome på gran på gode bonitetar, men opplevast sjeldan på furu.

Borkgnaging er skaden som gjev dei alvorlegaste skadane og fører til dei største økonomiske tapa (figur 14). Tre som har vore utsatt for borkgnaginga kan få råteskadar og rotstokken vert øydelagt som sagtømmer. Råteskadar kan og resultere i stammebrekk som fylgje av at trea blir svekka. Borkgnag førekjem primært om vinteren der hjorten, i periodar med store snømengder og hard frost, kan stå lenge i ly for vind og vær i tette granbestand. Bestand i hogstklasse III og IV er mest utsatte.

Skadeomfanget er størst på gode granbonitar, G20 og G23. Skadane kan og førekome på yngre furu utan skorpebark.



Figur 15: Borkgnag føre til store skader på skogen i hogstklasse III og IV. Foto: Peter Andresen

Ikkje alle skadar som følgje av beiteskadar på drivverdig skog kan betraktast som økonomiske tap, då det også i bestandar utan hjorteskadar vil vere ein naturleg avgang av tre gjennom den naturlege tynningsprosessen.

Skadar på skogen vert observert i mange delar av kommunen, særleg i område med høg bestandstettleik. Skadepresset er størst i dei lågareliggjande områda, der hjorten held seg mest om vinteren.

2.11.2 Innmark

Jordbruket er ei viktig næringa i Stad kommune. Her er mange aktive bruk og mesteparten av jordbruksarealet er i drift. Sjølv om det har vore ein sterk reduksjon i tal driftseiningar i jordbruket, er produksjonen og jordbruksareal i drift nokolunde stabil. Dersom aktiv drift vert lagt ned på eit bruk, vert areala som regel leigd vekk til naboar eller andre som driv areala. Dette gjer at det er færre av jaktrettshavarar som driv aktivt jordbruk sjølv, og som får kostnaden knytt til beiteskadar.

På innmark kan hjorten føre til betydelege skadar. Bær, frukt og grønsaker er ettertrakta av hjorten. Då desse er intensivt dyrka på små areal, kan skadane bli omfattande og kostbare. Engareal er også eit ettertrakta beiteområde for hjorten og kan på våren og hausten føre til store samlingar av hjort. Dei best drivne engareala er dei mest utsette. Omfanget av skade på innmark kan vera omfattande, men nokså ujamt fordelt sjølv innanfor eit avgrensma område. Det er såleis nokre aktive bønder som må bære kostnaden med ein stor hjortebestand. Beiteskadane resulterer i redusert formengd og fôrkvalitet. Avføring frå hjorten i føret reduserer også kvaliteten på mjølka.

Ein anna veldig utbreidd skade innan jordbruket er øydelagde rundballar. Dette kan avbøtast ved inngjerding av rundballeplassen eller ved å dekke til rundballane med nett.

Det finnast ingen samla database eller kartlegging av beiteskadar. Tilgjengeleg kunnskap byggjer på søknadar om løyve til skadefelling og enkeltståande rapporteringar av skadar. Det viktigaste verkemiddelet for å imøtekome beiteskadar, er at det vert teke høgde for det ved fordeling av fellingsløyver innanfor valda. Ved å legge høgare jaktrykk på område der ein har stor risiko for beiteskadar og ved å jakte på innmark, kan ein ta ut dyra som gjer skade.

I ekstraordinære tilfelle kan det søkjast om skadefellingsløyve utanom ordinær jakttid. Kommunen kan gje løyve dersom hjorten gjer omfattande skade på fast eigedom, avling, frukttre, bærbuskar eller skog. For at det kan gjevast skadeløyve, vert det stilt krav om at rimelege tiltak er prøvd for å avverje skade. Frå 2012 blei jaktstart flytta fram til 1. september for bl.a. å redusere skadar i jordbruket. Dette reduserer behovet for skadeløyve, ettersom felling av skadedyr i dei fleste tilfelle vil kunne skje innanfor rammene av den ordinære jakttida.

I spesielt utsette område kan det søkjast om midlar frå det kommunale viltfondet til tiltak for å førebyggje skadar på jordbruksvekstar som frukt og bær, grønsaker og grasavl m.m.. Etter søknad kan det gjevast tilskot til dømes til inngjerding eller til faste innretningar som tek sikte på å avskrekke eller skremme hjorten vekk frå skadeområdet. Føresetnaden for å gje tilskot er at arealet drivast som næring, samt at tilhøyrande jaktvold forvaltar hjorten på ein måte som ikkje gjev eit stort skadepress, eller at skadelidne sin ønskjer ikkje vert teke omsyn til i jaktfeltet/valdet.

3. Forvaltningsmål og tiltak

3.1 Hovudmål for hjorteforvaltninga i Stad kommune

Hjortebestanden i Stad kommune skal forvaltast slik at ein i eit langsigkt perspektiv sikrar ein livskraftig hjortestamme, med omsyn til biologiske prosessar, ressursgrunnlag og samfunns- og næringsinteresser.

3.2 Delmål

3.2.1 Organisering, valdstruktur og bestandsplanområde

Mål:

På sikt er målet at all hjorten i Stad kommune skal forvaltast etter fleirårige planar. I planperioden skal det jobbast mot å redusere tal vald gjennom samanslåing, samt auke del vald som forvaltar hjorten gjennom fleirårige planar. Auke samarbeidet mellom eksisterande storvald og/eller bestandsplanområde og fremme kunnskap om hjortens arealbruk og forvaltning.

Bakgrunn for målet:

Hjorten bør i størst mogleg grad forvaltast i større einingar og gjennom fleirårige planar. Merkeprosjektet i Nordfjord har vist at hjorten i Stad kommune ikkje held seg innanfor dagens vald og ikkje heller innafor kommunegrensa. Merkeprosjektet «Vesthjort» vil vere med på å auke kunnskapen vi har om hjorten i Stad kommune.

I Selje kommune var det mange små vald som fekk og får årleg tildelt løyve frå kommunen. Det er misnøye i enkelte vald fordi dei får «feil» løyve ut i frå kva hjort dei har i områda. Med større vald kan ein samarbeide om å ta ut den rette hjorten anten ved samjakt eller ved å flytte løyve innafor valdgrensene. I mange tilfelle ville det kunne ha løyst noko av denne misnøya. På sikt er målet at all hjorten er forvalta gjennom planbasert forvaltning, helst med einingar store nok til å klassifiserast som storvald. Eid hjorteutval kan stille på informasjonsmøter for å dele erfaringar og kome med råd ved etablering av storvald.

Hjorteviltforskrifta frå 2012 opna for å etablere større interkommunale einingar som dekkjer eit heilt bestandsområde. Ytre Nordfjord bestandsplanområde vart etablert i 2018. Administrasjonen ser klare forvaltningsmessige fordelar ved å forvalte hjorten i større einingar innafor etablerte bestandsplanområde, og i større grad gjere forvaltninga grunneigarbasert. Valda i Eid kommune, med unnatak av Kjølsdalen hjortevald, høyrar til andre årsleveområder. Enkelte vald har opplevd at måloppnåing har vore vanskeleg sjølv om jaktinnsatsen har vore veldig høg. Her bør det gjerast ein innsats for å undersøke mål og avskyting til relevante vald også utafor kommunen, samt vurdere moglegheit for å opprette relevante bestandsplanområder.

Administrasjonen har tidlegare vore ansvarleg for viltforvaltinga i Eid kommune og er difor best kjende med rutinane som har vore der. I Eid kommune har det vore eit godt etablert samarbeid mellom kommunen og Eid hjorteutval, som eit rådgjevande og grunneigarbasert organ, på vegne av valda. Hjorteutvalet har i tillegg teke på seg oppgåver som organisering av bestandsregistrering, vår- og haustteljingar, samt praktisk organisering av ettersøksordning for dei seks storvalda i kommunen. På grunn av godt samarbeid, har valda fått til ei god og grunneigarstyrt forvaltning, samt god

rapportering av sett og skutt hjort, der nesten alle jaktfelta bruker dei digitale løysingane aktivt. I ein overgangsperiode vil det verte to hjorteutval i kommunen; Eid hjorteutval som inkluderer medlem (valdleiar) frå dei seks storvalda i Eid kommune, og Stad hjorteutval som inkluderer Eid hjorteutval, samt valdleiar frå dei resterande storvalda i kommunen og to representantar frå dei mindre valda som er medlem av bestandsplanområde (ein frå Bryggja og ein frå Selje). Administrasjonen må, i samband med Stad hjorteutval, legge ein plan for korleis ein ønskjer å jobbe vidare med hjorteutvalet som rådgjevande organ i kommunen. Det er ønskeleg å få til ei ordning der Eid hjorteutval kan utvidast til å omfatte storvalda/bestandsplanområde i heile kommunen og på sikt bli Stad hjorteutval, der utvalet kan gjennomføre mange av dei same oppgåvene for sine vald/heile kommunen som Eid hjorteutval har gjort tidlegare.

Tiltak i planperioden:

- Etablere gode og naudsynte samarbeidsrutinar med nabokommunar.
- Etablere Stad hjorteutval og legge ein plan for hjorteutvalet sin rolle.
- Arrangere informasjonsmøte om hjorten sin biologi og arealbruk.
- Oppmuntre valdleiarar og andre jegerar til å delta på temadagar og viltseminar for å auke kunnskapen om hjorteforvaltning.
- Oppmode, samt følgje opp, vald/grunneigarar som ønskjer å inngå i eit bestandsplanområde eller slå saman vald til større einingar.
- Bidra til å etablere betre samarbeid mellom eksisterande storvald og/eller bestandsplanområde.
- Vurdere mål i valda sine forvaltningsplanar opp mot bestandsmål innafor relevant årsleveområde og harmonisere avskytingsplanane med kringliggende vald/bestandsplanområde.
- Bruke ny informasjon frå merkeprosjektet «Vesthjort» aktivt i vidare forvalting.

3.2.2 Bestandsstørleik

Mål:

Hjortebestanden skal reduserast og stabiliserast på eit lågare nivå. Det noverande nivået er vurdert som høgt i høve til beitegrunnlaget, skadeomfanget i jord- og skogbruk, trafikkskadar og biologisk mangfold.

Bakgrunn for målet:

Hjortejakta er ein viktig utmarksressurs for grunneigarane i Stad kommune og har stor rekreasjonsverdi for jegerar både innafor og utanfor kommunen, men hjorten kan vere ein utfordring for bønder som har aktiv drift. Bestanden skal forvaltast slik at det sikrar grunnlaget for ei langsiktig og stabil hausting av hjort, men av omsyn til andre samfunnsinteresser er det ønskeleg med ein reduksjon i hjortetettleiken. Hjortebestanden må vere på eit nivå som er vurdert til akseptabelt med omsyn til beitegrunnlaget, skadeomfanget i jord- og skogbruk, trafikkskadar og biologisk mangfold.

Trenden med minkande slaktevekter for dei fleste aldersklassane vitnar om at det er for mange dyr og at det går ut over kondisjonen på dyra. Overvakningsprosjektet har vist at det er direkte samanheng mellom vekt og produksjon, blant anna ved at kolla får sin fyste kalv seinare om ho har

lav vekt. I tillegg vert gevirproduksjonen därlegare hos mindre bukkar som resultera i ein større del 2-årige beinhonnel.

Det er framleis for mange påkøyrlar i kommunen og enkelte område har eit stort omfang av hjorteskadar i jord- og skogbruk. Tilbakemeldingane frå fleire jegerar er at det er mindre hjort i terrenget, mens andre stader er det rapportert om mykje. Sjølv om det er nokon hol i datagrunnlaget i kommunen er det ingen indikasjon i statistikken som tyder på noko nedgang i hjortetettleiken. Stad kommune oppfattar hjortetettleiken som for høg og det overordna målet er difor å redusere og stabilisere tettleiken på eit lågare nivå.

Sidan det har vore endring i registreringsmetoden for sett hjort, kan ikkje indeksen lenger brukast til å sette konkrete mål om reduksjon.

Tiltak i planperioden:

- Tilpassa løyvingar etter tilgjengeleg kunnskap om bestandsutvikling.
- Sikre høgt nok uttak av tal dyr og rett uttak av unge dyr og produksjonsdyr.
- Gode samarbeidsrutinar mellom offentlege aktørar og grunneigarar i lokal forvaltning.
- Administrasjonen må, i samband med hjorteutvalet, vurdere målsetting etter planperioden.

3.2.3 Bestandssamsetjing

Mål:

Å forvalte hjortebestaden slik at det vert ført vidare ei balansert bestandssamsetjing med omsyn til både kjønn og alder. Sett kolle per bukk indeksen bør reduserast til nærmere 1,5 og indeksen for sett beinhonnel per bukk bør stabiliserast på eit lågt nivå. På sikt er det ønskeleg å få sett beinhonnel per bukk på eit nivå under 0,35.

Bakgrunn for målet:

Oversyn over uttak i Stad kommune syner at det i periodar har vore teke ut fleire hanndyr enn hodyr, spesielt i Selje kommune har det vore teke ut ei overvekt av eldre dyr og då og eldre hanndyr.

Indeksen for sett kolle per bukk er ganske høg og det bør jobbast med å senke denne ned mot 1,5. Det er difor viktig at det er fokus på eit kjønnsnøytralt uttak av vaksne dyr framover, og at ein heller har overvekt av koller enn bukk i uttaket.

Det høge uttaket av eldre dyr tidlegare har ført til ein relativt låg snittalder. I dei seinare åra har uttaket blitt meir balansert, og mange vald er flinke til å ta ut meir kalv og ungdyr. Enkelte vald har gjennomført sjølpålagde avgrensingar på uttak av storbuks. Sett beinhonnel per bukk har dei siste åra gått nedover, som indikerer ei endring i positiv retning. Det er fortsatt viktig å halde eit høgt uttak av kalv og ungdyr for å auke gjennomsnittsalder og slaktevekter. Kalvuttaket bør ligge på rundt 30 % om ikkje valdet har andre gode grunnar for å ha det mindre.

Tiltak i planperioden:

- Kjønnsbalansert uttak av vaksne dyr (1,5 år og eldre).
- Avgrense uttak av storbuks.
- Kalv- og ungdyrtak bør minimum ligge mellom 60 - 65 %.
- Formidle årlege statistikkar som syner utviklinga.

3.2.4 Fellingsprosent

Mål:

Ha ein fellingsprosent på minimum 75 % i alle vald.

Bakgrunn for målet:

For å kunne gjennomføre ei målretta forvaltning bør fellingsprosenten ligge på minimum 75-80 %, men gjerne høgare (Meisingset; 2003, 2008). I Stad kommune har den samla fellingsprosenten vore på over 80 % sidan 2017. Det er viktig å fortsatt halde fokus på dette.

Miljødirektoratet skriv i kommentarane til hjorteviltforskrifta at årleg overføring på inntil ti prosent av fellingsløyva normalt kan aksepterast av kommunen for vald med fleirårig plan. Kommunen bør berre unntaksvis akseptere overføring av meir enn ti prosent. Dette prosentavviket avhenger av kor detaljert avskytinga er lagt fram i bestandsplanen. Kommunen legg til rette for at vald med godkjent forvaltningsplan kan flytte inntil 15 % av ubrukte løyve mellom åra i planperioden om naudsynt. I tillegg kan vald søke om endring i godkjent forvaltningsplan kvart år innan 1. mai om dei til dømes ser eit behov for å overføre meir eller søkje om fleire løyve.

Tiltak i planperioden:

- Justere tildeling av løyve og minsteareal om naudsynt.
- Hjorteutvalet skal oppmode til meir jakt og vurdere kva tiltak som må til for å auke jaktinteressa og rekruttering.

3.2.5 Slaktevekter

Mål:

Bremse nedgangen i slaktevekter og prøve å stabilisere utviklinga. På sikt er målet å auke slaktevektene igjen.

Bakgrunn for målet:

Slaktevektene for alle årsklassane og kjønn, med unnatak av eldre bukk, har vist ein minkande tendens.

Tiltak i planperioden:

- Halde eit høgt trykk på avskytinga i alle vald.
- Kjønnsbalansert uttak av vaksne dyr (1,5 år og eldre).
- Maks. 35 - 40 % eldre dyr i avskytinga.
- Jobbe mot at alle jaktfelt skal levere «sett hjort» og slaktevekter.
- Oppmode valda til å innføre skrapdyrordning som eit punkt i sine forvaltningsplanar.

3.2.6 Datainnsamling

Mål:

Kommunen og valda skal til kvar tid ha best mogleg oversyn over hjortebestanden. Alle jaktfelt skal levere sett hjort og registrere slaktevekter.

Bakgrunn for målet:

Datainnsamlinga i samband med jakta er det beste forvaltningsverktyet som finnast per dags dato, og er det middelet som gjev høve til å ha oversyn over hjortebestanden. «Sett hjort» er det viktigaste registeret, og vår- og hausitteljing er eit nyttig supplement. For å få best mogleg kvalitet på data som vert samla, er det ynskjeleg at flest mogleg leverer inn sett hjort og deltek i vårteljinga og eventuelt også hausitteljinga. Kommunen kan, om naudsynt, pålegge jegerane og/eller jaktrettshavarane om å rapportere opplysingar om viltbestanden gjennom til dømes registrering av sett hjort (jamfør hjorteviltforskrifta § 32). I Eid kommune har storvald med forvaltningsplan vorte honorert økonomisk for deira innsats med datainnsamling. Det er ønskeleg at det fortset og i ny kommune.

Tiltak i planperioden:

- Sikre at alle vald leverer fellingsrapport seinast 14 dagar etter at jakta er avslutta.
- Jobbe mot at alle jaktfelt skal levere «sett hjort» og slaktevekter.
- Honorere vald med bestandsforvaltning der minst 80 % av jaktfelta leverer «sett hjort» og slaktevekter, og ein høgare sats der det gjerast digitalt.
- Honorere vald med bestandsforvaltning der minst 80 % av jaktfelta er med på vår- og hausitteljing.
- Registrering av alder i hjorteviltregisteret.
- Administrasjonen må, i saman med hjorteutvalet, vurdere korleis kommunen kan få opp oppslutninga om sett og felt hjort, vår- og hausitteljing og vurdere tiltak rundt dette.

3.2.7 Skadar på innmark og skog

Mål:

Halde skadeomfanget på eit akseptabelt nivå for grunneigarar.

Bakgrunn for målet:

Skadane på innmark og skog kan i delar av kommunen være svært omfattande. Alle interessentar må høyrast og vere ein del av planlegginga av ny forvaltningsplan. Førebuing mot skadar skal i hovudsak gjerast under ordinær jakt. I område der problema har vore størst, har skadefellingsløyve til dels verka avbøtande, men det skal ikkje tildelast skadefellingsløyve dersom formålet kan nås på anna tilfredstillande måte. I enkelte område, spesielt ved dyrking av frukt og bær, må det gjerdast.

Retningslinene for viltfondet skal oppdaterast for ny kommune, men vil antakeleg opne for at det kan gjevast tilskot til førebyggjande tiltak mot hjorteskade slik som til dømes inngjerding.

Tiltak i planperioden:

- Registrere skadar på innmark og skog.
- Valda skal involvere bøndene som driv aktivt og ta omsyn til landbruksinteressene ved utarbeidning av nye forvaltningsplanar.
- Det er eit ønske om at valda sine forvaltningsplanar skal synleggjere korleis storvaldet legg til rette for uttak av skadedyr under ordinær jakt.
- Oppmode til innmarksjakt i område med stor skade på innmark og rundballar.
- Aktiv bruk av viltfond i det førebyggjande arbeidet.

3.2.8 Trafikkpåkøyrlar

Mål:

Redusere tal påkøyrlar til under 1,7 % av tal felte dyr.

Bakgrunn for målet:

Tal påkøyrlar i kommunen er relativt høgt og serleg på enkelte strekningar er det høg risiko for påkøyrlar.

Tiltak i planperioden:

- Registrere fallvilt i hjorteviltregisteret og bruke registreringane aktivt.
- Følgje opp resultata frå prosjektet Dynamisk hjorteskilting for sona Bjørhovde-Naustdal.
- Om mogleg, verksetje tiltak i samband med vegstyresmaktene, som dynamiske hjorteskilt og siktrydding, dersom utviklinga går i negativ retning og gode løysingar kan utviklast.
- Jobbe for å redusere hjortetettleiken fram til tal påkøyrlar reduserast.

Referansar

Hjeljord, O. (2008): *Viltet – Biologi og forvaltning*. Tun forlag: Oslo

Meisingset, E. L. (2003): *Hjort og hjortejakt i Norge*. Naturforlaget.

Meisingset, E. L. & Aarhus, A. (2007): *Hjorten i Eid kommune; Utviklingstrekk og bestandsestimat*. Norsk hjortesenter Fagrapport 1/07

Solberg, E. J., Strand, O., Veiberg, V., Andersen, R., Heim, M., Rolandsen, C. M., Langvatn, R., Holmstrøm, F., Solern, M. I., Eriksen, R., Astrup, R. & Ueno, M. (2012): *Hjortevilt 1991-2011 - Oppsummeringsrapport fra overvåkningsprogrammet for hjortevilt*. NINA rapport 885

Veiberg, V. (2020): *Kortrapport: Overvakningsprogrammet for hjortevilt – hjortebestanden i Vestland nord, Gloppe og gamle Flora kommune*. NINA 2020